

# Vekeplan 8. trinn

# Veke 6 og 7

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lesa og skriva skjønnlitterære tekstar</li><li>• Snakka om litteratur</li><li>• Lesa og skriva saktekstar</li><li>• Bruka fagspråk og visa kunnskap om grammatikk</li></ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Uttrykka seg med flyt og samanheng med eit variert ordforråd tilpassa formål, mottakar og situasjon</li><li>• Talk about different types of journeys</li><li>• Know about different types of nouns</li></ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Variable størrelser og algebraiske uttrykk</li><li>• Rekna med algebraiske uttrykk</li></ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Fortelja kor ideane i Grunnlova kjem frå</li><li>• reflektera over at ideane om demokrati og maktfordeling har endra seg gjennom tidene</li><li>• diskutera kor demokratisk Grunnlova av 1814 var</li></ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Få kjennskap til forteljingar som jødedom, kristendom og islam har felles, og som er ei del av kulturarven vår</li><li>• Drøfta ulike religiøse kjelder</li><li>• Utforska og presentera sentrale trekk ved jødedommen</li></ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gjere greie for korleis atomet er bygd opp</li><li>• Forklare kvifor vi bruker ulike modellar for å beskrive atomet</li><li>• Teikne skalmodellen til nokre grunnstoffatom</li></ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Verb GUSTAR (å like)</li><li>• Snakke om fritid</li><li>• Verb IR (å gå, dra ...)</li><li>• Adjektiv</li></ul>
<b>Tysk</b>	Snakka om vennar, familie og kjæledyr <ul style="list-style-type: none"><li>• Kunna seia nokre rekkjetal og datoar</li><li>• Kunna bruka modale hjelpeverb</li></ul>
<b>Eng fordj</b>	Fokusera på ein kjend person, bruk av gradbøying av adjektiv
<b>Kroppsøving</b>	<b>Håndball:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar.</li><li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar.</li><li>• Forstå fleire typar kart og digitale verktøy og bruke dei til å orientera seg i kjende og ukjende miljø</li></ul> <b>Symjing:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Utføra varierte symjeteknikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing</li></ul> <b>Innsats:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li><li>• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre.</li></ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Visualisera form ved hjelp av frihandteikningar og arbeidsteikningar</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikla løysingar gjennom ein stegvis designprosess og vurderer haldbarheit, funksjon og estetisk uttrykk</li> <li>• Fordjupa deg i ei visuell uttrykksform og/eller ein handverksteknikk, utforska ulikskapar gjennom praktisk skapande arbeid og presentera val frå idé til ferdig resultat.</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<p>Laga god og ernæringsriktig mat Halda god hygiene Jobba med rekneskap og plakatdesign Gjennomføra sal Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker</p>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• øve på og gjennomføre varierte bevegelsesaktivitetar åleine og saman med andre</li> <li>• anerkjenne skilnader mellom seg sjølv og andre i bevegelsesaktivitetar, inkludere alle, samarbeide og oppmuntre medelevar til å delta i fysisk aktivitet</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forstå og bruke teknikkar knytt til kart og kompass, bålfyring, knutar, førstehjelp og reiskapar</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale.</li> </ul>
<b>Olweus/Robust</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opparbeida seg kunnskap om samanhengen mellom stess og tankar</li> <li>• Læra øvingar i å bruka pusten til å redusera stress</li> <li>• Arbeida med å skapa eit godt og trygt klassemiljø</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### Foreldremøte

I sist veke hadde me foreldremøte nr 2 i opplegget frå «Sterk&Klar». Det var igjen eit veldig bra møte, der føresette fekk veldig god informasjon og var med i samtalegrupper. Det var kun 25 av 125 føresette som kom, og me og føresette hadde håpa på at fleire kom på møtet. Det kjem fram i møtet kor viktig det er at alle føresette snakkar i saman og drøftar reglar og koss me skal handtera ulike utfordringar i ungdomstida.

For at me skal få til endringar i samfunnet må alle vera med. Dei færraste får alvorlege utfordringar med eigne barn, men med god kunnskap kan du vera ein viktig person for til dømes ditt barn sine venner, slektningar, eller naboar. "It takes a village to raise a child."

### Vinterball

Me hadde eit flott vinterball med kjekke og greie elevlar. Me ynskjer å takka alle føresette som var med som vakter, slik at det blei trygt og godt for alle elevane.

### DKS- SAU

På måndag skal alle elevane på 8. trinn få gå på kino og sjå filmen "SAU". Det er Den kulturelle skulesekken som inviterer oss på kino. Filmen «SAU» handlar om nokon som driv eit sauebruk i Nordland på ein gamaldags måte, om det tradisjonelle jordbruket i møte med ny tid og nye krav, om korleis våre krav til produksjon går ut over dyrevelferd og balansen i naturen me er ein del av.

## PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Norsk hovudmål	Skriveøkt (2 timar)	Karakter	Fredag 7. februar (veke 6)

HEIMEARBEID VEKE 6	
Norsk	Førebu deg til skriveøkt. (Finn fram notat, tekstar osv.) Les 3 gonger 20 minutt i boka di. Hugs sidetal.
Engelsk	Read 'The Pedlar of Swaffham'. You will find the text on Teams.
Matematikk	Gjer oppgåve 3.18, 3.19 og 3.20 i grunnboka s. 174-175. Lever på OneNote.
Samfunnsfag	Les siste halvdel om «Ein demokratisk grunnlov?» i <a href="#">denne</a> teksten. Gje 3 grunner til at me ikkje kan kalla grunnlova frå 1814 for demokratisk.
KRLE	Ver klar til å presentera gruppeoppgåva denne veka, du finn meir informasjon på OneNote.
Naturfag	Les s. 75-77. Gjer oppgåve 1 og 2 s. 91. Lever på OneNote.
Spansk	Skriv kva du liker og kva du ikkje liker å gjera i helga.
Tysk	Sjå onenote veke 6.
Eng fordj	Skriv minst 10 setningar om ein person som du beundrar og som inspirerer deg
Kroppsøving	<b>Håndball:</b> Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne</u> . <b>Symjing:</b> Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE.
Fys.ak.	Hugs nye grupper (sjekk Teams). Gruppe 1 – Gymsalen Gruppe 2 – Timehallen
Friluftsliv	Me får besøk av studentar som skal ha opplegg rundt kart og kompass. Møt opp i klasserommet til 8A kl. 08:00. Ha på klede til å vera ute i.

HEIMEARBEID VEKE 7	
Norsk	Les 3 gonger 20 minutt i boka di. Hugs sidetal.
Engelsk	Five-paragraph essay. Answer the questions about this on ON. Make sure you have complete sentences.
Matematikk	Gjer oppgåve 3.22, 3.23, 3.24 og 3.25 i grunnboka s.177-178. Lever på OneNote.
Samfunnsfag	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: <a href="#">Dagsrevyen 21 - NRK TV</a> . Skriv 3 setningar om <b>to</b> av nyheitssakene.
KRLE	Les s. 74 til 77 i Horisontar. Svar på oppgåve 11 på s. 78. Skriv eller les inn svaret ditt på OneNote.
Naturfag	Les s. 82 til 84 i Solaris 8. Gjer oppgåve 1-4 s. 84. Lever på OneNote.
Spansk	Gloseprøve. Verb for fritid. Sjå på Teams
Tysk	Sjå onenote veke 7. NB! Glosesjekk torsdag.
Eng fordj	Oppgåver på One Note

<b>Kroppsøving</b>	<b>Innebandy:</b> Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne</u> . <b>Symjing:</b> Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE.
<b>Fys.ak.</b>	Gruppe 1 – Gymsalen Gruppe 2 – Timehallen
<b>Friluftsliv</b>	Møt i klasserommet til 8A. Me må sjå an veret, men planen er å laga bål i atriet. Sjå teams for nærare beskjed.